

Kulturdepartementet
Medieavdelinga
Postboks 8030
0030 OSLO

Balestrand 01.11.2012

HØYRINGSUTTALE

UTKAST TIL ENDRINGAR I LOV OG FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM - FILMKONTROLLGEBYRET

Sidan fristen no er utsett vil Friberg kino, Balestrand nytte høve til å kommentere høyringsbrevet frå Kulturdepartementet av 19. oktober 2012 med framlegg til endringar av filmkontrollgebyret.

Friberg kino ser med uro på at det no er nye kostnader som kan / vil ende opp på bordet til den lokale kinoen. I så fall er det kroken på døra for mange av oss. Framlegget verkar særst lite gjennomtenkt og gjer at vi sit med mange spørsmål m.a.:

- *Ligg det ei evaluering / vurdering av organiseringa / arbeidsmengda til Medietilsynet til grunn for framlegget? Er det mogleg å drifte Medietilsynet for eit mindre beløp enn 5,5 millionar?*
- *Kvifor eit kopigebyr / premieregebyr?*
- *Kvifor skal distributørane og dermed kinoane betale denne kostnaden?*
- *Har nokon hatt kinoane i tanken i dette arbeidet? Slik vi les utredninga er det her ein total mangel på innsikt i kinolandskapet og kva som må til for å oppretthalde kinostrukturen i Noreg.*
- *Har de vurdert seriøst andre måtar å finansiere tilsynet på?*

Det var eit politisk ønske om å oppretthalde kinostrukturen i Noreg dvs. å kunne halde fram med eit lokalt kinotilbod til innbuarane. Kinoane vart førespegla at fleire sider ved kinodrifta skulle bli enklare, meir rasjonelle og føre til betre filmtilbod for alle kinoane. Første året etter digitaliseringa såg det lovande ut, men etter kvart stramar det seg til med auke i filmleige og uventa praktisering av VPF. Vi ser at avgifter knytt til kvar oppsetting ikkje gagnar dei småe kinoane. Dersom filmdistributørane må betale 700 kroner for kvar oppsetting, vil det ikkje lønne seg for filmbyråa å sette opp film på småe og mellomstore kinoar. Dersom summen vert belasta kinokopien, vil det bli for dyrt for oss å ta inn filmen. Dette vil svekke repertoaret på kinoen og vi fryktar at dette også vil gå ut over dei småe (perlene) og mellomstore filmene. Vi vil peike på at det er desse filmene som gir kinoen legitimitet som seriøs kulturaktør i lokalsamfunnet.

Vår konklusjon: Dersom gebyret havnar på kinoane sitt bord betyr det kinodød ikkje berre for oss småe dugnadskinoar, men også for andre små og mellomstore kinoar.

Vi er nøgde med at også Film & Kino si høyringsfråsegn tydeleggjer på ein god måte

uheldige konsekvensar framlegget vil ha for kinoane / bransjen.
Friberg kino ber om at i alle fall Film & Kino vert trekt inn i det vidare arbeidet.

Vi vonar Norsk Kinoforbund, Norske Kinosjefers Forbund og kinoane, vert sett på
høyringslista i saker som vedkjem kinobransjen.

For Friberg kino Balestrand

Merete Sande
Styreleiar


Marianne Hoff
kinosjef



09 852-37

FORBUND FOR IKKE-KOMMUNALE KINOER - Stiftet 16. juni 1970

Kulturdepartementet
Medieavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Balestrand 31.10.2012

HØYRINGSUTTALE UTKAST TIL ENDRINGAR I LOV OG FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM - FILMKONTROLLGEBYRET

Viser til informasjon i tidlegare høyringsuttale i år (sjå vedlegg) der vi også ber om at Norsk Kinoforbund vert sett på høyringslista i saker som vedkjem kinobransjen. Dette har tydelegvis ikkje skjedd. I saker som kan få så store konsekvensar for kinoane i Noreg er det underleg at korkje kinoane/ eigarane, Film & Kino, Norske Kinosjefers Forbund eller vårt forbund var inviterte til å komme med høyringssvar.

Sidan fristen no er utsett vil Norsk Kinoforbund nytte høve til å kommentere høyringsbrevet frå Kulturdepartementet av 19. oktober 2012 med framlegg til endringar av filmkontrollgebyret.

Norsk Kinoforbund organiserer ikkje-kommunale kinoar i Noreg dvs. i hovudsak dei dugnadsdrivne kinoane. Dette er i hovudsak småe kinoar som gjorde store investeringar i 2011 for å ta spranget frå analog til digital kino. Forbundet ser med uro på at det no er nye kostnader som kan / vil ende opp på bordet til den lokale kinoen. I så fall er det kroken på døra for mange av desse. Framlegget verkar særst lite gjennomtenkt og gjer at vi sit med mange spørsmål m.a.:

- *Ligg det ei evaluering / vurdering av organiseringa / arbeidsmengda til Medietilsynet til grunn for framlegget? Er det mogleg å drifte Medietilsynet for eit mindre beløp enn 5,5 millionar?*
- *Kvifor eit kopigebyr / premieregebyr?*
- *Kvifor skal distributørane og dermed kinoane betale denne kostnaden?*
- *Har nokon hatt kinoane i tanken i dette arbeidet? Slik vi les utredninga er det her ein total mangel på innsikt i kinolandskapet og kva som må til for å oppretthalde kinostrukturen i Noreg.*
- *Har de vurdert seriøst andre måtar å finansiere tilsynet på?*

Det var eit politisk ønske om å oppretthalde kinostrukturen i Noreg dvs. å kunne halde fram med eit lokalt kinotilbod til innbuarane. Kinoane vart førespegla at fleire sider ved kinodrifta skulle bli enklare, meir rasjonelle og føre til betre filmtilbod for alle kinoane. I starten såg det lovande ut, men etter kvart strammar det seg til med auke i filmleige og uventa praktisering av VPF. Vi ser at avgifter knytt til kvar oppsetting ikkje gagnar dei småe kinoane. Dersom filmdistributørane må betale 700 kroner for kvar oppsetting, vil det ikkje lønne seg for filmbyråa å sette opp film på småe og mellomstore kinoar. Dersom summen

vert belasta kinokopien, vil det bli for dyrt for kinoane å ta inn filmen. Dette vil svekke repertoaret på desse kinoane og vi fryktar at dette også vil gå ut over dei småe (perlene) og mellomstore filmene. Vi vil peike på at det er desse filmene som gir kinoane legitimitet som seriøse kulturaktørar i lokalsamfunna.

Vår konklusjon: Dersom gebyret havnar på kinoane sitt bord betyr det kinodød i Distrikts-Noreg!

Norsk Kinoforbund er nøgd med at også Film & Kino si høyringsfråsegn tydeleggjer på ein god måte uheldige konsekvensar framlegget vil ha for kinoane / bransjen. Vonar Film & Kino vert trekt med i det vidare arbeidet for å finne betre løysingar. Vi stiller også gjerne opp om det er ynskjeleg.

Takk for at Norsk Kinoforbund no er på høyringslista og vi vonar det held fram i saker som vedkjem kinobransjen.

For Norsk Kinoforbund


Marianne Hoff
leiar

Vedlegg



FORBUND FOR IKKE-KOMMUNALE KINOER - Stiftet 16. juni 1970

Det kongelige kulturdepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Balestrand 16.april 2012

HØYRINGSUTTALE UTKAST TIL FORSKRIFT OM FILM OG VIDEOGRAM

Norsk Kinoforbund er ein medlemsorganisasjon for små private kinoar i Noreg med ca. 25 kinoar som medlemmer.

Vi er uroa over den retninga departementet peikar ut i defineringa av Film & Kino sine basisoppgåver. Vi ynskjer difor å kome med innspel no i samband med utkast til forskrift om film og videogram.

Film & Kino er ein viktig støttespelar for oss småkinoar. Film & Kino sit på stor kunnskap om kinobransjen og har ivaretatt viktige oppgåver for bransjen gjennom mange år. Den største oppgåva dei siste åra har vore digitaliseringa av kinoane. Gjennom bruken av midlar i filmfondet kunne alle kinoane i landet vere med i omlegginga til digital kino og Noreg beheldt sin unike kinostruktur.

Kvar kino har tatt sin del av utgiftene gjennom å investere store summar til oppgradering og digitalisering. Dette har vore store løft for små kinoar – ikkje minst i kommunar med svak økonomi. Ein av føresetnadene for den store satsinga var å få lettare tilgang på aktuell og god film. Denne føresetnaden er berre delvis innfridd. Kinoane har fått fleire premierar, men opplever no problem med å få tak i m.a. kvalitetsfilm. Nokre distributørar tek filmar med antatt lite publikumspotensiale ut av distribusjon slik at dei små kinoane ikkje får vist desse filmene. Vi stiller oss undrande til denne praksisen sidan kostnadene for produksjon av DCP-ar er låge i høve utgiftene til produksjon av 35 mm kopiar. Kinoane ynskjer å tilby publikum kvalitetsfilm også i framtida. Då treng vi drahjelp m.a. gjennom sentrale kampanjar og støtteordningar som Film & Kino har stått for.

Endringar i Film og Kino sine oppgåver og rammevilkår påverkar vår verksemd. Kinoane merkar sterk konkurranse frå TV og nett-tenester. Det er såleis usikkert kor lenge digitaliserings- og 3D- effekten vil gje gode billettinntekter for kinoane og dermed avgiftsinntekter til fondet. Vi har alt merka at Film & Kino har hatt sviktande inntekter til fondet grunna dalande DVD-sal. Då er det spesielt viktig at ein prioriterer midlane rett.

Norsk Kinoforbund vil kome med fylgjande konkrete kommentarar til nokre av dei oppgåvene departementet føreslær:

FILMTILBODET

Ei hovudoppgåve for Film og Kino må framleis vere å sjå til at det kjem film i alle sjangrar til alle aldersgrupper over heile landet. Det er såleis viktig å føre vidare satsinga nettopp på kvalitetsfilm og barnefilm ut til alle kinoane uavhengig av storleik. Vi er einige med departementet i at støtteordningane som er etablerte til import og distribusjon av kvalitetsfilm er viktig.

CINEMATEK

Norsk Kinoforbund meiner at Cinematekverksemd ikkje skal vere ei prioritert oppgåve for Film & Kino. Høyringsframlegget legg opp til ei satsing på Cinematekverksemd i nokre av dei største byane for å få vist filmar av historisk og kunstnarisk verdi. Dette er byar som alt no har tilgang på kvalitetsfilm. Ei slik satsing på cinematek vil gje ei geografisk skeivfordeling med uheldige konsekvensar for småkinoar. Vi meiner det er viktigare å få variert film ut til dei eksisterande kinoane. Når Regjeringa satsar på norsk filmproduksjon er det naudsynt å ha eit godt kinosystem som får desse filmene ut til publikum over heile landet. Dette framlegget verkar såleis lite gjennomtenkt nettopp i den økonomiske situasjonen Film & Kino står oppe i.

BYGDEKINOEN

Bygdekinoen er eit tilbod til distrikt som ikkje har eigen kino. Vi meiner at det er viktig med lokalt eigarskap til kinoen for å halde oppe interessa for tilbodet. Det er difor viktig at det vert prioritert visingsstader som ikkje kjem i konflikt og i konkurranse med lokal kinodrift.

FILMKLUBBAR

Dette bør ikkje vere ei prioritert oppgåve for Film & Kino, men overlatast til lokalt initiativ og drift.

ANNA

Alle kinoane i Noreg er no digitaliserte. Ein vesentleg årsak til dette er bidraget frå Film og Kino både administrativt og økonomisk. Digitalt utstyr har erfaringsmessig kort levetid. Det er difor sannsynleg at spesielt dei små kinoane vil få vesentleg større utgifter enn tidlegare knytt til fornying av teknisk utstyr. For å kunne oppretthalde den unike kinostrukturen i landet, bør Film og Kino også i framtida ha som oppgåve å bidra både fagleg og økonomisk til fornying av det kinotekniske utstyret på kinoane.

Høyringslista

Norsk Kinoforbund ynskjer at vi som organisasjon vert sett på høyringslista i saker som vedkjem kinobransjen.

Med helsing
Norsk Kinoforbund

Marianne Hoff
Leiar